

## ÅRETS FRILUFTSLIVSKOMMUNE 2015



**Skjemaet fylles ut på nett senest 1. oktober 2015:**

<https://limesurvey.alreadyon.com/limesurvey/index.php?sid=49464&newtest=Y>

Skjemaet og informasjon finnes også ved å gå inn via [www.norskfriluftsliv.no](http://www.norskfriluftsliv.no)

## Basisopplysninger om kommunen:

Kommunens navn: Radøy kommune  
Fylke: Hordaland  
Areal i km2: 111,4  
Innbyggertall: 5046  
Brutto budsjett 2015: 350 300 000 (driftsutgifter)  
Antall årsverk i kommunen: 408 (fast tilsette)  
Kontaktperson i kommunen (navn, e-post, telefonnummer):

Bente Kopperdal Hervik  
E-post: bente.hervik@radoy.kommune.no  
Tlf. 56 34 90 12

## **Spørsmål 1:** Deltok og/eller bidro kommunen til åpningen av Friluftslivets år 13. januar?

- a) Ja,
- b) Nei

Gi en kort beskrivelse:

Ja. Kommunen med ordføraren i spissen inviterte til natt i naturen på Nøttveitveten. Folk kunne koma på besøk for ein god prat, ein matbit, saft og kaffi. Dei som ynskte kunne overnatta saman med oss i gapahuken på Nøttveitveten. Det vart ein vellukka, bra besøkt kveld i regn, storm og tordenver!



Tidlegare assisterande rådmann Leif Taule, rådgjevar kultur Bente K. Hervik og ordførar Jon Askeland tok i mot besøkjande og hadde litt av kvart å by på.

## **Spørsmål 2: Er kravene som ligger i vedtaket om å være en Friluftslivets år kommune fulgt opp?**

Kryss av ja eller nei til hvert punkt og gi en kort beskrivelse for de enkelte punktene:

- Støtte opp om lokale arrangement og aktiviteter i Friluftslivets År.

Ja. Radøy kommune har gjeve støtte til lokale arrangement i form av tilskot og hjelp til marknadsføring. Kommunen har også lagt vekt på å vera tilstades på desse arrangementa. Kommunen har også initiert fleire arrangement som me har gjennomført saman med lag og organisasjonar eller lokale eldsjeler.

- Vektlegge hensyn til friluftsliv i kommunens planarbeid.

Ja. Friluftsliv vert tatt omsyn til i kommunen sitt planarbeid på alle nivå, både i reguleringsplanar, områdeplanar og i kommuneplanen. Friluftsliv er også eit tema i alle temaplanar og kommunedelplanar der det er aktuelt.

Me er også i gang med kartlegging av friluftslivsområde i kommunen, noko som vil gje oss auka kunnskap om desse områda.

- Stimulere kommunens barnehager og skoler til å bruke naturen til leik og læring.

Ja. Skular i Radøy er flinke til å nytta naturen i nærområdet gjennom utedagar, leikedagar og liknande. Ein representant for skular og barnehagar har vore med i den lokale arbeidsgruppa for friluftslivets år i Radøy. Arbeidsgruppa har hatt dialog med skular og barnehagar, som alle har hatt ekstra fokus på friluftsliv i år. Eitt eksempek på tiltak i barnehagen er t.d.

<https://radoy.custompublish.com/barnehagedagen.5715890-299398.html>

- Satse på stien som aktivitetsanlegg.

Ja. Kommunen har sett av midlar til tilrettelegging av stiar. Me har også fire pågående prosjekt om merking og gradering av stiar etter nasjonal standard i turkiltprosjektet. Me planlegg endå fleire prosjekt til neste år.

- Bruke friluftsliv som et positivt virkemiddel i kommunens folkehelsearbeid.

Ja. Me har hatt fokus på å få alle aldersgrupper med på tur og ut i naturen. Me har invitert med oss eldre, personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn. Radøy kommune både har og har lenge hatt eit særleg fokus på born og unge.

- Arrangere Ordførerens tur; - åpen tur med Ordføreren som turleder.

Ja. Ordføraren har vore turleiar for to turar, og i tillegg invitert til to overnattingar i naturen. Den eine overnattinga i naturen hadde ordføraren saman med ungdomsklubben i kommunen. Personar i formannskapet har også invitert til tur.

Sjå t.d. <https://www.facebook.com/events/1006206256079495/>



- Stille opp til bålsamtale eller annet møte med friluftsorganisasjonene i kommunen.

Under opninga av friluftslivets år inviterte me spesielt friluftsorganisasjonane til samtale over primusen. Marås 4H stilte opp og kom med mange gode innspel.

**Spørsmål 3: Har kommunen kåret eller satt i gang en prosess for å kåre kommunens flotteste friluftsområde etter oppfordring fra statsråd Tine Sundtoft i KLD?**

- a) Ja
- b) Nei

Gi en kort beskrivelse:

Me hadde ei nettkåring, der tusenårsstaden med Solendfjellet, Nøttveitveten og Morkefjellet vann. Les meir på: <https://radøy.custompublish.com/tusenaarsstaden-er-det-mest-atraktive-friluftsomraadet-i-radoey-kommune.5785270-299352.html>

**Spørsmål 4: Friluftsliv i nærmiljø har særlig fokus i Friluftslivets år 2015. Er det satt i gang særlige tiltak i forhold til det i kommunen?**

- a) Ja
- b) Nei

Gi en kort beskrivelse:

Me har satsa på ein av dei mest nytta turstiane som ligg i tilknytning til kommunesenteret. Me har også byrja å jobba med eit av dei mest nytta friluftsområda, som ligg midt i Manger senter. Dette området har vorte oppgradert med nye benkar, grillplass m.m. Me har også sett i gang prosjekt med ein universelt utforma turveg i kommunesenteret.

Me har også eit større prosjekt som gjeld merking og gradering og ei trimløype i nærleiken av tettstaden Bø.

**Spørsmål 5: Har kommunen satt av penger på eget budsjett til gjennomføringen av Friluftslivets år 2015?**

- a) Ja
- b) Nei

Hvis ja, hvor mye og til hva?

Ja. 200 000 til tilrettelegging av turstiar og 50 000 kroner til øyremerkte til området ved Fosenstraumen. Fosenstraumen er eit område med mange steinalderfunn og det er tilrettelagte stiar som går i området med alle steinalderlokalitetane. Det er sett opp informasjonstavler og skilt. Desse skilta skal fornyast og stien skal utbetraast.

I tillegg øyremerkte midlar, har midlar i kultureininga vorte prioritert til friluftslivføremål.



**Spørsmål 6: Hva sier kommunens gjeldende styringsdokumenter (kommuneplan, økonomiplan, plan for idrett og friluftsliv eller andre kommunale planer) om friluftsliv?**

**Kommuneplanen:**

Radøy kommune vert kalla den grøne øya, og landbruk og friluftsområde er viktig for kommunen. I samfunnssdelen i kommunen vert dette understreka fleire stader. Mellom anna skal kommunen

- Arbeide for gode tur- og gangvegar i nærområda der folk bur.
- Få flest mogeleg til å nytte og bruke naturen i friluftslivsamanheng.
- Gode merka stiar.
- Ta vare på og utvikla idrettsanlegg, leikeområde og friområda i kommunen

Friluftsliv vert også trekt fram i samband med næringsutvikling og reiseliv. Mellom anna vert det sagt at "Radøy kommune skal utvikla og stimulera til auka verdiskaping av dei marine ressursane i sjøområda våre på ein måte som er positiv for miljøet, friluftslivet og næringsutøvarar.".

Friluftsliv vert også trekt fram i samband med tettstaden Manger: "*Ut i frå ei målsetjing om Manger som ein grøn tettstad er nye bustadområde i hovudsak lagt vest for tettstadsenteret, medan det beste landbruksarealet nord og aust for tettstaden kan haldast i hevd for framtida. Det er lagt vekt på grøne korridorar og lett tilgjenge til friluftsområde.*"

**Økonomiplanen:**

Økonomiplanen omtalar ikkje friluftsliv spesielt.

**Plan for idrett og fysisk aktivitet.**

Eksisterande plan er gått ut, og me er i gang med arbeidet med ny plan for idrett og fysisk aktivitet. Friluftsliv vil spela ei viktig rolle i denne planen. Førre plan hadde som eitt av tre hovudmål "å leggja tilhøva til rette for friluftsliv/idrett og for leike- og idrettsaktivitet i nærmiljøet". Planen peikar også på at ein må "sikra tilstrekkeleg areal og område for friluftsliv, idrett og samordna arealbehova". Det er vidare ei rekke tiltak som skal følgja opp mål og strategiar innanfor friluftsliv.

**Spørsmål 7: Ytes det økonomisk støtte fra kommunen til friluftslivsorganisasjoner?**

- a) Ja
- b) Nei

Hvis ja, hvor mye og til hvilke organisasjoner:

Ja. I 2014 vart det løyvd driftsmidlar til Nordhordland turlag (ligg i Lindås kommune) kr 3000, Keipane kystlag kr 3000 og til Marås 4H kr 8000. Fordelinga for 2015 er ikkje klar enno.

Keipane kystlag har også fått kr 3000 i støtte til gjennomføring av Streif-vandringar.

Lokale velforeiningar har fått material til vedlikehald av turstiar. Til dette er det løyvd 200.000 kroner i 2015.

**Spørsmål 8: Har kommunen etablert en fast møteplass med friluftslivsorganisasjonene i kommunen, som kontaktmøte, samarbeidsforum eller lignende?**

- a) Ja



b) Nei

Gi en kort beskrivelse:


Ja. Alle lag og organisasjonar vert inviterte til årleg samling.

**Spørsmål 9: Hva gjør kommunen for å synliggjøre muligheten for friluftsliv i kommunen, som turkart, brosjyrer, nettsider og annet infomateriell?**

Beskriv og dokumenter:

Ja.

I 2015 har me laga ei brosjyre med ti turar, og sett ut eit kodeord ved turmålet. Kodeorda ligg ute i perioden 15. april til 15. oktober, og det vil verta trekt ut premiar blant alle som deltok. Alle born får i tillegg ein diplom. Dette opplegget har vorte ein så stor suksess og fått så mange positive tilbakemeldingar at me vil gjera det til eit årleg opplegg.



*Førstemann til å levere inn brosjyra brukte berre 14 dagar på å gå alle ti turane!  
Denne brosjyra har vore mykje omtalt på nett og gjeve friluftslivet i Radøy kommune  
svært god marknadsføring!*

Elles har me eige turkart for Radøy og Lindås, turbok for Radøy og me legg inn turar på ut.no. Me har også hatt ei eiga side på kommunen si nettside for friluftslivets år i Radøy.

Sosiale medium vert nytta aktivt til marknadsføring av friluftsliv generelt og friluftslivets år spesielt. Me legg ut natur- og turbilete på Instagram og Facebook og opprettar hending på alle friluftsarrangement kommunen er involvert i. Me har også oppretta ein eigen hashtag #turarpåradøy der folk legg ut turbilete på Instagram.

Kommunen har også arrangert ei rekke turar i samarbeid med lag og organisasjoner eller lokale eldsjeler for å setja fokus på friluftslivet.

**Spørsmål 10: Har kommunen gjennomført eller vedtatt å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i kommunen etter Miljødirektoratets håndbok?**

- a) Ja
- b) Nei

Gi en kort redegjørelse.

Me er i gang med arbeidet, og det vil verta ferdig i løpet av våren 2016.

**Spørsmål 11: Er det annen relevant informasjon om friluftsliv i kommunen?**

Gi en kort beskrivelse, og eventuelt dokumenter.

I 2015 har det vore arrangert sommargcamp og aktivitetsdagar for born og unge i kommunen. Eit kjempepopulært tiltak! Dette rekrutterer nye personar til utandørsaktivitetar og gjev dei samstundes moglegheit til å delta på aktivitetar som dei elles ikkje ville kunna tatt del i.

Les meir om aktivitetstilbodet til born og unge sommaren 2015:

<https://radoy.custompublish.com/sommaraktivitetar-for-born-og-unge.5763165-352168.html>

Me har hatt ei satsing på friluftsliv og kulturminne, med særleg vekt på kulturminne frå andre verdskrig. Mellom anna var opninga av kystsogevekene i Radøy lagt til det veglause friluftsområdet Skageneset:

<https://www.facebook.com/media/set/?set=a.1266689416720757.1073741841.105292919527085&type=3>

For spørsmål vedrørende konkurransen, ta kontakt med Norsk Friluftsliv!

**Skjema besvarer elektroniske senest 1. oktober:**

<https://limesurvey.alreadyon.com/limesurvey/index.php?sid=49464&newtest=Y>

**Adresse:**

Norsk Friluftsliv, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO  
Tlf: 23 31 09 80



Nå er det  
din tur!

E-post: [post@frifo.no](mailto:post@frifo.no)  
[www.norskfriluftsliv.no](http://www.norskfriluftsliv.no)

Er det spørsmål eller behov for ytterligere informasjon kan det fås ved henvendelse til Norsk Friluftsliv ved Hans Erik Lerkelund, [hans.erik@norskfriluftsliv.no](mailto:hans.erik@norskfriluftsliv.no) eller telefon 988 49 397

